



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Underdal, 5557 2241

Vår dato  
31.10.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/3833 730  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
v/Oddfrid Hole  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Lindås kommune - Kompetanseløftet 2015 - Ekstra tilskot til opplæring og kompetanseheving for personell i helse- og omsorgstenestene 2014

Fylkesmannen i Hordaland er tildelt ei ekstra løyving på Kompetanseløftet 2015 for 2014 på 1 922 400 kroner.

Vi har tatt utgangspunkt i dei tidlegare søknadene frå kommunane. Dei fleste kommunane fekk berre delvis innvilga søknadsbeløp tidlegare i år. Årsaka til det var at samla søknadsbeløp for mottekne søknader oversteig budsjetttramma for tilskotsordninga i Hordaland. Dei same føringane gjeld for denne belastingsfullmakta som tidlegare.

Grunna sein tildeling av dette tilskotet kan det nyttas for studieåret 2014/2015. Vi ber om at dette må gå fram av rapporteringa for 2014.

Kompetanseløftet 2015 er ein delplan i regjeringa sin strategi for å møte omsorgsutfordringar i framtida, Omsorgsplan 2015. Kompetanseløftet 2015 har som mål å sikra tilstrekkeleg og stabil tilgang på kvalifisert personale til helse- og omsorgstenestene i kommunane.

Tilskotet skal gå til å finansiere deler av følgjande tiltak:

- Kvalifisering av personale utan formell helse- og sosialfagleg utdanning til helsefagarbeidar
- Desentraliserte høgskulestudiar
- Fagskuleutdanning (vidareutdanning) for personell med vidaregåande opplæring
- Vidare- og etterutdanning for personale med høgare utdanning
- Andre tiltak som er i tråd med formål og mål for Kompetanseløftet 2015 og som er særleg viktige for å heve kompetansen og kvaliteten i omsorgstenestene (gjeld til dømes demensomsorga sin ABC, leiarutdanning, legemiddelhandtering, "Jeg vil bli helsefagarbeidar. Med ABC til fagbrev", opplæringspakke innan Aktiv omsorg, og opplæring av personell i tenestene til psykisk utviklingshemma)

#### Tildeling av tilskot for 2014

Fylkesmannen i Hordaland har tatt utgangspunkt i kommunane sine egne prioriteringar. Fylkesmannen i Hordaland tildeler Lindås kommune stimuleringstilskot til

kompetansehevingstiltak i følgjande kategoriar:

Kvalifisering av ufaglært personale til helsefagarbeidar	kr	
Desentraliserte høgskulestudiar	kr	
Fagskular. Vidareutdanning for personale med vidaregåande opplæring	kr	
Vidare- og etterutdanning for universitets-/høgskuleutdanna personell	kr	40 000
Vidare- og etterutdanning i geriatri og demens for fagutdanna personale	kr	
Demensomsorgens ABC/ Eldreomsorgens ABC kr	kr	
Leiaropplæring	kr	
"Eg vil bli helsefagarbeidar. Med ABC til fagbrev"	kr	
Opplæringspakke innan Aktiv Omsorg	kr	
Opplæring av personell til psykisk utviklingshemma	kr	
Opplæring innan legemiddelhandtering	kr	
Andre opplæringstiltak	kr	
<b>Totalt til utbetaling</b>	kr	40 000

### Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet blir først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har mottatt vedlagte skjema for stadfesting i utfylt stand. Skjemaet må vere påført kontonummer og underskrive av ansvarleg leiar i kommunen.

### Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik dei er tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det omsøkte. Ei eventuell omdisponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt søkjast overført til neste års budsjett. Midlar som ikkje blir brukt i år vil normalt bli trekt frå neste års tilskot dersom tiltaket blir vidareført. Feil bruk og misleghald av tilskotet vil kunne føre med seg rettslege inngrep.

Regnskapet for tilskotet skal først separat, skilt frå det kommunale regnskapet, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

### Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jfr § 10 andre ledd i det statlege løyvingsreglementet.

Det er eit krav at regnskapsdata og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for tilskotet skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

## **Rapportering**

Bruken av det statlige tilskotet skal rapporterast. All rapportering på Kompetanseløftet 2015 skal skje elektronisk. Rapportane omfattar i kva grad måla for tilskotsordninga er oppnådd og korleis midlane er brukt.

Frist for rapportering er 01.02.2015

Med helsing

Signe Marit Stepanides  
ass. fylkeslege/seksjonsleiar

Grethe Underdal  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:  
Stadfestings skjema